



FRÆNA KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER FOR

REGULERINGSPLAN

VARHOL INDUSTRIOMRÅDE

Det regulerte området er i planen vist med reguleringsgrenser.

Arealbruken innan planen er inndelt i fylgjande reguleringsføremål:

1. **Byggeområde**
 - Industri
2. **Trafikkområde**
 - Køyrebane, grøfter, trafikkareal
 - Parkeringsplassar
 - Gangveggar, fortau
3. **Friområde**
 - Park
4. **Fellesføresegner**

§ 01 BYGGEOMRÅDE

1.1 Industriområda

- 1.1.1 Anlegga si art, utforming og plassering skal i kvart høve godkjennast av bygningsmynde.
- 1.1.2 Bygningane skal ikkje vere høgre enn 9,5 m over gjennomsnittleg opphaveleg terreng.
- 1.1.3 Høgste utnyttingsgrad er sett til BYA= 50%. Parkeringsplassar skal reknast med i BYA. Den ubebygde delen av tomta skal opparbeidast på tilfredstillande måte og skal så vidt mogeleg parkmessig behandlast.
- 1.1.4 Det må ikkje plantast slik at det blir til ulempe for den offentlege ferdsla.

- 1.1.5 I samband med byggesøknad skal det leverast situasjonsplan som viser korleis bygningar kan utvidas og korleis ubebygde område skal opparbeidast.
- 1.1.6 I industriområde vert det ikkje tillate oppført bustadbygg.

1.2 Parkering

Kvar verksemd skal på eigen grunn ha minst 1 oppstillingsplass for ein bil pr. 100 m² golvflate produksjonslokale.

§ 02 TRAFIKKOMRÅDE

2.1 Køyrebane

Reguleringsline for ytterkant veg er yttergrense for vegmark. Nødvendig areal til skjering og fylling kjem på tomtemark.

2.2 Gangveggar, fortau

Det er i planen regulert inn ein del gangveggar.

Bygningsmynde kan i særskilde høve tillate at gangveggar blir nytta som adkomstveg.

§ 03 FRIOMRÅDE

Friområda skal opparbeidast og handsamast etter særskilde planer godkjente av bygningsmynde.

§ 04 FELLESFØRESEGNER

4.1 Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til bygningslova og byggeføresegnene og dei gjeldande bygningsvedtektene for kommunen.

4.2 Det er ikkje tillate ved private servituttar å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsføresegnene.

4.3 Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet.

4.4 Alle unntak må vere innan ramma av bygningslova og bygningsvedtektene for kommunen.

Nyttt forslag